



Lag og organisasjonar i Alver kommune

27.06.2019

## Informasjon frå kulturavdelingane i Alver

### Alver kulturforum

Tusen takk til alle som møtte fram på Alver kulturforum 6. mai og gav innspel til arbeidet med å laga retningsliner for kulturmidlar i Alver kommune. Vedlagt dette skrivet er referat frå dette møtet, prestentasjonen av kultur- og aktivitetsprogrammet som vart halde i møtet og oversikt over innspel frå gruppearbeidet.

### Melda inn arrangement og aktivitetar til kultur- og aktivitetsprogrammet

Den siste utgåva av kultur- og aktivitetsprogrammet gjeld for perioden september-desember. Frist for å melda inn arrangement er sett til 22. juli, og skjema for innmelding finn de på denne sida: <https://alverkommune.no/2019/03/25/aktivitets-og-kulturprogrammet-for-alver-kommune-januar-2019-januar-2020/>

Arrangement som skal vera med i programmet skal oppfylle minst eitt av følgjande kriterium:

- Vera eit samarbeid mellom aktørar i dei tre kommunane
- Vera ei arrangementsrekke med arrangement i dei tre kommunane
- Vera eit arrangement med storleik eller tematikk som gjer at heile Alver er nedslagsfelt

For meir informasjon om kultur- og aktivitetsprogrammet, sjå

[www.alverkommune.no/kulturprogram](http://www.alverkommune.no/kulturprogram)

### Nynorskdagane i Alver

Som ein del av kultur- og aktivitetsprogrammet arrangerer me i haust nynorskdagar i Alver. Nynorskdagane vert arrangert i perioden 13.-22. september, og skal bidra til å løfta fram og feira nynorsken i Alver. Ynskjer de å bidra med arrangement eller aktivitetar i Nynorskdagane må dette meldast inn innan 22. juli. For å melda inn arrangement, bruk lenka ovanfor.

### Alverdagen

Kulturavdelingane arrangerer Alverdagen 19. oktober i Knarvik arena. Alverdagen skal vera ein møteplass for heile den nye kommunen der frivilligheit, aktivitet og det gode liv i Alver skal vera i fokus. Her ynskjer me at lag og organisasjonar i det som vert Alver kommune stiller med utstillingar («stands») der de kan presentera dykk. I tillegg til utstillingar vert det fleire kulturinnslag, aktivitetar og sal av mat. Meir informasjon om Alverdagen kjem i eit eige skriv.

---

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ  
Tlf. 56 37 50 00  
[postmottak@lindas.kommune.no](mailto:postmottak@lindas.kommune.no)

Meland kommune  
Havnevegen 41  
5918 FREKHAUG  
56 17 10 00  
[postmottak@meland.kommune.no](mailto:postmottak@meland.kommune.no)

Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGER  
Tlf. 56 34 90 00  
[postmottak@radoy.kommune.no](mailto:postmottak@radoy.kommune.no)

Med ynskje om ein god sommar!

Eirik Bouwer Utne  
Kultursjef  
Alver kommune

Eileen Feste  
Konstituert kultursjef  
Lindås kommune

Bente K. Hervik  
rådgjevar kultur  
Radøy kommune

---

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ  
Tlf. 56 37 50 00  
[postmottak@lindas.kommune.no](mailto:postmottak@lindas.kommune.no)

Meland kommune  
Havnevegen 41  
5918 FREKHAUG  
56 17 10 00  
[postmottak@meland.kommune.no](mailto:postmottak@meland.kommune.no)

Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGER  
Tlf. 56 34 90 00  
[postmottak@radoy.kommune.no](mailto:postmottak@radoy.kommune.no)